



Landbruks- og matdep.	
Saksnr:	2005/01753-49
Mottatt:	13 DES 2005
Saksbehandler:	ASK
KOD:	161

Landbruks- og matdepartementet

Postboks 8007 Dep
0030 OSLO 1

Elverum, 12. desember 2005

Vår saksbehandler:

Vår ref.:
fhj

Deres ref.:
2005/01753

Høyring - Ny forskrift om skogfond mv.

Vi viser til utkast til forskrift for skogfond som er sendt ut til høyring.

SB SKOG er ikkje vald ut som høyringsinstans, men ynskjer likevel å gje innspel på eit tilhøve i forskrifta som vi er prinsipielt opptekne av.

Ein presentasjon av SB SKOG

SB SKOG har sitt utspring i Statskog Hedmark og Borregaard Skoger, som i 1997 "sourca" ut drifta av sine eigedomar til det nyetablerte selskapet Statskog-Borregaard Skogsdrift AS (SB SKOG). Alle oppgåver knytt til skogsdrift vart frå dette tidspunkt overført til SB SKOG, - saman med alle tilsette. I 2001 vart SB SKOG utvida med Statskog Sølvverket, Statskog Midt-Norge og A/S Børresen.

Parallelt med dette har selskapet hatt ei klar målsetting om å utvide verksemda si. SB SKOG meiner at det er nyttig for å fremje konkurransen i marknaden, og trur at det bidreg til å heve den profesjonelle standarden i bransjen. Meir enn halvparten av tømmeromsetjinga til SB SKOG er no for andre enn eigarane, og selskapet har framleis ambisjonar om å vekse i omsetjing.

SB SKOG med dotterselskap omset omlag $\frac{1}{2}$ mill. m³ pr. år. Halvparten av dette har selskapet ei forvaltarrolle for, ca. 90% inngår i avtaler der selskapet også står for skogsdrifta, og alt virke går gjennom selskapet sitt miljøsikringssystem. SB SKOG si verksemd omfattar over 300 tømmerleverandørar fordelt på ca. 700 tømmerdrifter pr. år. Leveransane går til omlag 35 industrikundar med rundt 55 produksjonsstader. Det praktiske arbeidet blir utført av ca. 30 entreprenørselskap, 50 skogsarbeidarar og 20 skogfunksjonærar. Aktivitetsfremmande tiltak, informasjon og skogfagleg rettleiing mot skogeigarar og allmenheit er viktige funksjonar for bedriftas tilsette.

Fordeling og bruk av rentemidlane

Etter gjeldande "Forskrift om forvaltning og bruk av renter av skogavgiften", §4, pt. 4 kan rentemidlar brukast som tilskot til landsomfattande organisasjonar og institusjonar som arbeider aktivt for å fremje interessa for eller utviklinga av skogbruket. I dei seinare år er omlag 30% av brutto indrgne rentemidlar av skogavgifta overført direkte til dei lokale skogeigarforeiningane

E-mail: frode.hjorth@sbskog.no

Statskog-Borregaard Skogsdrift AS
Hovedkontor Elverum
NO 876 685 582

Postadresse:
Postboks 11
2401 Elverum

Kontoradresse:
Fredensvoldvn. 2

Telefon:
+47 62 41 96 66

Telefaks:
+47 62 41 96 79

Bankkonto:
6164.05.41163

under Norges Skogeierforbund. Disse midlane blir bl.a. bruka til informasjons- og rettleiingstiltak, eigenutvikling, faglege befaringar og kurs/studiearbeid.

I 2003 vart det eksempel til dømes i Hedmark overført 2,3 mill kr av rentemidlane direkte til skogeigarforeiningane. Dette sto da for litt i overkant av 50 % av omsetjinga i fylket, medan SB SKOG med dotterselskap hadde ein omsetjarrolle for rundt 20 %. Tal for partane sin andel av avverking, skogkultur, rettleiing og informasjon finns ikkje, men vi antek at SB SKOG sin del av dette minst tilsvarer andelen vi har på tømmeromsetjing. Verken SB SKOG eller Nygård&Mælum blei tilkjend noko av rentemidla.

Etter vår oppfatning er denne praksis konkurransevridande. Skogeigarforeiningane er næringsaktørar i sine lokale regionar. Etter at omsetjingsplikta for tømmer gjennom skogeigarforeiningane fall bort for nokre år sida, er det opna moglegheit for andre aktørar innanfor den same marknaden. Den verksemda som for eksempel SB SKOG og Nygård&Mælum Skogkontor har i skogbruket i dag, fell i svært stor grad saman med det skogeigarforeiningane har både kva gjeld type, arbeidsform og organisering.

Den praksis som har vore til no, har vore forsvara med argument som at Skogeigarforeiningane bl.a er medlemsorganisasjonar. I desse dagar blir skogeigarforeiningane omdanna til andelslag. Såleis fell slike argument bort.


SB SKOG meiner at både SB SKOG og Nygård&Mælum Skogkontor, evt. andre næringsaktørar med tilsvarande verksemd, er berettiga rentemidlar på lik linje med skogeigarforeiningane.

Ny forskrift seier at "ein del av rentemidlane kvart år skal overførast til skogeigarforeiningar eller andre som driv aktiv skogfagleg rettleiing til skogeigarar".

Vi meiner at forskrifta ikkje bør sette skogeigarforeiningane i ei særstilling slik den her gjer, men heller ha ein ordlyd som er nøytral i forhold til næringsaktør, for eksempel at "**ein del av rentemidlane kvart år skal overførast til aktørar som driv aktiv skogfagleg rettleiing til skogeigarar**". Uansett bør ordet "eller" bytast ut med "og" i den opphavlige formuleringa.

Fordeling av rentemidlane har til no vorte fastsett av "Rentemiddelutvalget". Dersom dette utvalet skal bestå, foreslår vi at Departementet framover gjer endringar i samansetjinga av dette utvalet, som frå næringslivssida aleine er representert av medlemmer frå skogeigarorganisasjonane.

Med venleg helsing



Frode Hjorth